

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
6/2015	Kommunestyret	19.02.2015

Høyring av Glommens og Laagens Brukseierforening sitt revisjonsdokument for overføring av Veo til Smådalen/ Tessevassdraget

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev - vilkårsrevisjon Veo-overføringa
- 2 GLB sitt revisjonsdokument for overføring av Veo til Tessevassdraget

Innstilling frå administrasjonssjefen:

- Lom kommune er samd i at GLB som konsesjonshavar må påleggast å utarbeide ein uttaks- og istandsettingsplan for tippområdet ved tunnelutløpet, som tillet at massane fortsatt kan utnyttast til vedlikehald av veganlegga i Veodalen og Smådalen, samtidig som terrenget i tippområdet blir restaurert etter kvart som massane blir tekne ut. I tillegg må området ved sjøelve tunnelutløpet sikrast betre enn det som er i tilfelle i dag.
- Vidare er Lom kommune samd i at det må utarbeidast ein erosjonssikringsplan for det kunstige elveløpet frå tunnelutløpet til Smådøla, ev. også for tiltak nedstraums samløpet i Smådalsvatni. I tillegg må konsesjonshavar påleggast konsekvensutgreiing av tiltak/ metodar som kan vere aktuelle for fjerning av sedimenterte massar i Smådalsvatni.
- Fiskeundersøking i Tesse må utvidast til å omfatte bestandsutvikling i Smådøla, både nedstraums og oppstraums samløpet med Veo-overføringa, sidan fisket også i øvre del av Smådøla ser ut til å vere negativt påverka av endringane som har skjedd i vassdraget som følge av overføringa.
- Konsesjonshavar bør påleggast å føre opp og vedlikehalde ei gangbru over nedre del av Smådøla, dvs. ved Návårsetervangen, for å forenkle tilkomsten for fiske og friluftsliv og for tilsyn av beitedyr i området mellom Smådøla og Fuglsetermoen.
- Ved revisjon av konsesjonsvilkåra bør dagens standardvilkår for konsesjonssaker bli innført, og eksisterande vilkår må modernisert i tråd med gjeldande praksis.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 19.02.2015**Behandling**

Forslag frå Lomslista ved Magny Hilde:

Som innstillinga med slik tillegg:

Nytt punkt:

- Det vil vera eit stort miljøforbetrande tiltak å få fjerna telefonlina inn til anleggstadene i Veodalen og Smådalen, og det bør setjast krav om dette dersom behovet for denne ikkje lenger er der, eller dette kan løysast på andre måtar

Vedtak

- Lom kommune er samd i at GLB som konsesjonshavar må påleggast å utarbeide ein uttaks- og istandsettingsplan for tippområdet ved tunnelutløpet, som tillet at massane fortsatt kan utnyttast til vedlikehald av veganlegga i Veodalen og Smådalen, samtidig som terrenget i tippområdet blir restaurert etter kvart som massane blir tekne ut. I tillegg må området ved sjølve tunnelutløpet sikrast betre enn det som er i tilfelle i dag.
- Vidare er Lom kommune samd i at det må utarbeidast ein erosjonssikringsplan for det kunstige elveløpet frå tunnelutløpet til Smådøla, ev. også for tiltak nedstraums samløpet i Smådalsvatni. I tillegg må konsesjonshavar påleggast konsekvensutgreiing av tiltak/metodar som kan vere aktuelle for fjerning av sedimenterte massar i Smådalsvatni.
- Fiskeundersøking i Tesse må utvidast til å omfatte bestandsutvikling i Smådøla, både nedstraums og oppstraums samløpet med Veo-overføringa, sidan fisket også i øvre del av Smådøla ser ut til å vere negativt påverka av endringane som har skjedd i vassdraget som følge av overføringa.
- Konsesjonshavar bør påleggast å føre opp og vedlikehalde ei gangbru over nedre del av Smådøla, dvs. ved Nåvårsetervangen, for å forenkle tilkomsten for fiske og friluftsliv og for tilsyn av beitedyr i området mellom Smådøla og Fuglsetermoen.
- Ved revisjon av konsesjonsvilkåra bør dagens standardvilkår for konsesjonssaker bli innført, og eksisterande vilkår må modernisert i tråd med gjeldande praksis.
- Det vil vera eit stort miljøforbetrande tiltak å få fjerna telefonlina inn til anleggstadene i Veodalen og Smådalen, og det bør setjast krav om dette dersom behovet for denne ikkje lenger er der, eller dette kan løysast på andre måtar

Samrøystes.

Saksutgreiing

Gjeldande konsesjon for overføring av Veo til Smådalen/ Tesse vart gjeve 21.10.1983, denne erstatta tidlegare konsesjon av 22.04.1960. Konsesjon er gjeve på ubegrensa tid, men konsesjonsvilkåra kan tas opp til revisjon etter 50 år, jf. vassdragsreguleringslova.

Lom kommune reiste krav om revisjon ved kommunestyrevedtak 22.03.2012, Vågå kommune gjorde det same 08.05.2012. NVE har i brev 20.10.2012 gjort vedtak om at konsesjonsvilkåra for overføringa skal reviderast.

Konsesjonæren, GLB (Glommens og Laagens Brukseierforening) har på oppdrag frå NVE utarbeidd eit revisjonsdokument. Dette dokumentet beskriv overføringa og kjente miljøproblem knytt til denne, GLB sine vurderingar av kommunane sine revisjonskrav, og foreslår avbøtande tiltak. NVE har lagt dokumentet ut til offentleg høyring med uttalefrist 20.02.2015.

Konsesjonen er gjeve «til evig tid», dvs. retten til å overføre Veo til Smådalen/ Tessevassdraget er ikkje oppe til revisjon. Derimot kan vilkåra for konsesjonen reviderast og fornyast for å bote på skader og ulemper som ikkje var kjent/ ikkje vart vurdert då konsesjon opphavleg vart gjeve, eller for tilhøve som først har blitt kjent eller har endra seg etter konsesjonstidspunktet.

Revisjonen skal omfatte «allmenne verdiar og interesser», men ikkje privatrettslege tilhøve, dvs. ulempeserstatning for grunneigarar og andre rettighetshavarar som tidlegare er avgjort ved skjønn. Det går fram av høyringsbrevet at «Revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.»

Stortinget vedtok i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltning» (EUs Vanndirektiv). Formålet med forskrifta er å gje rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre mest mogleg heilskapeleg vern og berekraftig bruk av vassresursane våre. Forskrifta skal sikra at det blir utarbeidd og vedteke regionale forvaltningsplanar og tiltaksprogram for kvar vassregion, der målet skal vere å oppfylle miljømåla. Revisjon av konsesjonsvilkår vil ofte vere eit nødvendig middel for å nå miljømåla i regulerte vassdrag, dette kan bety at slik revisjon vil bli gjennomført utanom tidsintervalla i vassdragsreguleringslova (50/ 30 år).

Vassforvaltningsplan for vår region har vore ute på offentleg høyring med uttalefrist 31.12.2014. I tiltaksplanen er Veo-overføringa/ Smådøla nemnt, men med merknad «Tiltak vurderes i revisjonsprosessen».

Lom kommune inviterte til eit ope møte om høyringa av revisjonsdokumentet 14.01.2015.

Vurdering

I kommunestyrevedtak 22.03.2012 har Lom kommune set fram krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for Veo-overføringa, formulert slik:

Kommunen krev på vegne av allmenne verdiar og interesser revisjon av konsesjonsvilkåra for Veo-overføringa. Årsaka til dette er dei store miljøkonsekvensane av overføringa til Smådalen, med store sår i landskapet, tilslamming og oppfylling av Smådalsvatni og store negative konsekvensar for fiskebestanden i Tesse. Både Smådøla som gyteelv og Tesse som fiskevatn har fått sterkt redusert verdi som følge av Veo-overføringa. Følgjande hovudelement må få fokus i revisjonssaka, med tanke på miljøkonsekvensar og vurdering av avbøtande tiltak:

- Innverknad på fiskebestanden i Tesse og Smådøla
- Markant landskapsinngrep i Smådalen
- Tilslamming og oppfylling av Smådalsvatni

GLB set i revisjonsdokumentet fram følgjande framlegg til avbøtande tiltak:

- Utarbeiding av erosjonssikringsplan for det kunstige elveløpet frå tunnelutløpet til Smådøla, event. også for tiltak nedstraums samløpet i Smådalsvatni
- Utarbeiding av uttaks- og istandsettingsplan for tippområdet ved tunnelutløpet
- Fiskeundersøking i Tesse for å overvake bestandsutvikling etter at utsettingspålegget no er oppheva.

GLB forutset vidare at dagens standardvilkår for konsesjonssaker vil bli innført og eksisterande vilkår modernisert i tråd med gjeldande praksis.

Når det gjeld dei krav som er reist om avbøtande tiltak for å betre tilhøva for fisken i vassdraget viser GLB til at tilstanden til fiskebestanden er betre enn det som vart lagt til grunn for Veo-skjønni i 1961/62. Vidare at kravet frå Vårdalen grunneigarlag om etablering av eigen gytekanal er vanskeleg å gjennomføre og vil ha tvilsam nytteverdi. Gjennomført undersøking tyder på auka naturleg rekruttering. Krav frå grunneigarlaget om tiltak mot event. ørekyt i Tesse er i følgje GLB ikkje relevant, da denne problemstillinga ikkje er knytt til Veo-overføringa.

Lom fjellstyre har motteke signal om at også øvre del av Smådøla (oppstraums samløpet med Veo-overføringa) er negativt påverka av overføringa og tilslamming av Smådalsvatni. Administrasjonssjefen kan ikkje sjå at dette var ein forventa konsekvens av overføringa, og meiner derfor at fiskeundersøkingane må omfatte heile Smådøla i tillegg til Tesse.

I følge GLB er tilslamming av Smådalsvatni ein forventa effekt av overføringa, fjerning av sedimentert masse er urealistisk å gjennomføre og vil medføre store inngrep i naturreservatet. Administrasjonssjefen deler eit stykke på veg dette synet, samtidig er tilslamminga av Smådalsvatni ein av dei største og mest uheldige vassdragsendringane som Veo-overføringa har ført med seg. Det er derfor nødvendig med nærare utgreiing av aktuelle tiltak og konsekvensar før det blir teke stilling til dette spørsmålet; regulanten bør påleggast konsekvensutgreiing av dette.

Når det gjeld avbøtande tiltak for tippområdet ved tunnelutløpet legg GLB til grunn for forslaget at massane er ein ressurs som fortsatt bør utnyttast; området kan derfor restaurerast gradvis etter kvart som massane blir tekne i bruk. Administrasjonssjefen deler GLB sitt syn på dette punktet. I tillegg må området ved tunnelutløpet sikrast betre enn det som er i tilfelle i dag; m.a. for å unngå at beitedyr går utfor/ ned i elveløpet frå tunnelen.

I det opne møtet om revisjonen kom det fram at tilkomsten til strekninga sør for Smådøla sitt utløp i Tesse er blitt vanskelegare tilgjengeleg på grunn av Veo-overføringa, før overføringa var det enkelt å vade elva store deler av sommaren. Det er derfor sett fram ønskje om at det bør førast opp gangbru over nedre del av Smådøla, dvs. ved Nåvårsetervangen (omkring utløpet frå den nye kraftstasjonen), for å forenkle tilkomsten for fiske, friluftsliv og for tilsyn av beitedyr i området mellom Smådøla og Fuglsetermoen. Dette tilhøvet vart sannsynlegvis ikkje vurdert da konsesjon opphavleg vart gjeve.

Vegstrekninga frå Nåvårseter til krysset mot Fuglsetervegen er eigd av Lom fjellstyre og blir brukt som tilkomst til GLB sine anlegg i Smådalen og Veodalen. Som følgje av Eidefoss AS si utbygging av Smådøla kraftverk vil bruken av vegstrekninga auke. Det vil vere eit rimeleg krav at konsesjonærane overtek vedlikehaldsansvaret for vegstrekninga.

I konsesjonen for Veo-overføringa er det ikkje fastsett manøvreringsreglement for overføringa. Overføringstunnelen er bygd med kapasitet ca 20 m³/s, det er ikkje krav om rest-/ minstevassføring i Veo. Manøvreringspraksis for overføringa blir derfor i stor grad bestemt av manøvreringsreglement for Tesse (LRV, HRV, krav om oppfylling 3,5 m under HRV pr. 1. juli)

Det er hittil i prosessen ikkje reist krav om minstevassføring i Veo. Det går fram av revisjonsdokumentet at når Smådøla kraftverk kjem i drift blir det sannsynligvis aktuelt å overføre så mye vatn som mogeleg frå Veo. Dette er eit nytt element i reguleringa som må takast med i vurderinga av kva som var forventa konsekvensar av overføringa på det tidspunktet konsesjon opphavleg vart gjeve.